

Styremøte halde i Hammersvik laurdag 21.2.2015 kl. 18.00 – 19.40.

Frammøte: Jan Hammersvik, Kaare Aardal, Atle Nøstdal og Terje Hovden.

Nr.	Sak / aksjon
1	<p><u>Årsmelding for 2014</u></p> <p>Terje hadde utarbeidd utkast til årsmelding for Aardalens Venner for 2014. Årsmeldinga var godkjend utan merknader.</p>
2	<p><u>Medlemmar 2014</u></p> <p>Totalt berre 26 betalande medlemmar i 2014, ei dobling i høve til 2013, men likevel mykje mindre enn tidlegare år med eit medlemstal på 60±.</p>
3	<p><u>Rekneskap 2014</u></p> <p>Terje gjekk gjennom resultatrekneskapen for 2014, som i år blir ein del av årsmeldinga.</p> <p>Hovudtal:</p> <ul style="list-style-type: none"> ▪ Inntekter 2014 kr 9 201,- ▪ Utgifter 2014 kr 13 382,70, dvs. reduksjon av kontantbeholdninga med <u>kr 4 181,70</u> ▪ Bankkonto pr. 1.1.2015 <u>kr 20 698,44</u>
4	<p><u>Vegen vidare</u></p> <p>Framtida til Aardalens Venner vart diskutert. Det har ikkje vore nyval til styret sidan 2009, medan fire av dei fem styremedlemmane har vore med frå starten i 2006. Det er tid for å få inn i styret nye krefter.</p> <p>Det var semje om at dette måtte bli ei viktig oppgåve i 2015 å syte for at fleire yngre vart engasjerte i Årdalen. Kanskje kan eit samarbeid med det nystarta Selje Trivsel vere positivt for å legge felles aktiviteter til Årdalen.</p> <p>Endå er det fleire ting som må gjerast i Årdalen for å stoppe forfallet:</p> <ul style="list-style-type: none"> ▪ Utdoen er det minste prosjektet, og som vi truleg har material til å setje i stand ▪ Kårhuset - vi må i alle høve få skifta presenning på gavlvegg mot sjøen ▪ Geitefjøsset - rydding nødvendig, nytt tak trengs også ▪ Eldhuset skulle ha vore bygt opp att <p>Naustet, som fekk stor skade i romjula 2011, maktar vi ikkje å gjere noko med. Naustet var forsikra gjennom Sparebank 1 Skade, som avkorta erstatninga med 60 %. Trass anke vart dette ståande, og resultatet er at naustet truleg ikkje kan bergast.</p>
5	<p><u>Skjøtsel og ev. vidare arbeid med kårhuset</u></p> <p>Gjennom fleire år har Aardalens Venner fått støtte gjennom fylkesmannen / Statens Landbruksforvaltning. Kontaktpersonen gjennom mange år, Trond Folkestad, er no erstatta av ein ny person som vil komme til Årdalen i løpet av våren / forsommaren.</p> <p>Vi ventar at samarbeidet vert vidareført, slik at spesielt kårhuset kan setjast i stand. Dette har gjennomgåande røteskade gjennom tømmerveggen (nedover), derfor er veggen kledd med presenning.</p>
6	<p><u>Årsmøtet 2014</u></p> <p>Det vart bestemt å halde årsmøtet søndag 15. mars frå kl. 18.00 på Kafe Nabben.</p>

21.2.2015

th